

Nydyrking krev omsyn til kulturminne

07.05.2013

Lars Haugland skal nydyrke eit mindre noverande beiteareal på Haugland. Fylkeskommunen kan ikkje sjå i arkivet at det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som bygningar, tufter og liknande som tiltaket vil komma i konflikt med.

Men fylkeskommunen gjer merksam på at det er kjent ei rekkje funn frå garden, der fleire store gravminne frå førhistorisk tid er bevart.

Det gjeld til dømes Langskipshaugen og to andre store gravhaugar. Garden har hatt ein framtrédande og svært viktig posisjon i førhistorisk tid.

Fylkeskommunen ber om at det vert teke mest mogleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området.

Hvis det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med arbeid i marka må det stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking.

Av Ola Matti Mathisen